



Humlepungen Bryggjarlag med den siste bryggjinga november 2019.

Hardangerfjordmagasinet med ansvarleg redaktør Sigurd Vikøren kjem ut to gonger i år i eit opplag på 50 000, Distribusjonen går til kommunane i Sunnhordland og Hardanger, i tillegg til ferjer, snøggåtar, turistkontor, båthamner, bensinstasjonar og overnattingsplassar i regionen. I ein lengre artikkel om jul og mattradisjonar finn vi ei heilside med bilete og informasjon om Humlepungen Bryggjarlag frå Uskedalen.

Bryggjarlaget i Uskedalen hadde si fyrste bryggjing i eldhuset på bruk 9 på Myklebust. Det var i desember 1998. Seinare har Humlepungen Bryggjarlag vore aktive med bryggjing minst to gonger i år, til påske og til jul. Ole Jacob Albrethson var læremeisteren. Etter det har bryggjarlaget stått på egne bein.

Seks menn var med frå starten. Nokon har komne til, andre har falle frå. Det er Dønhaugkjedlaren som er plassen for både bryggjing og uppskoke. Sidan 2007 har bryggjarlaget reist utanlands på studieturar med innlagde besøk i store og mindre bryggeri i mange av dei store europeiske byane,- mellom anna til London, Berlin, Krakow, Warszawa, Stocholm, København, Edinburgh og Dublin. Neste tur vil truleg gå til Belgia.

I mange år skipa Humlepungen Bryggjarlag til Uppskoke med inviterte gjester og program. I det siste har det det helst vore pubkveldar med live musikk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå Hardangerfjordmagasinet nr. 2/2019.